

Reiskapsbod ved Mannsvatnet?

03.10.2011



Slik kan Vetrhus tenkje seg det nye bygget lagt i forhold til hytta.

Kåre Vetrhus ønskjer å byggja ein 10 kvadratmeter stor reiskapsbod ved hytta si ved Mannsvatnet og forvaltningskomiteen skal onsdag drøfte om han skal få dispensasjon frå LNF-føremålet i gjeldande kommuneplan. Rådmannen går inn for at han skal få det.

Rådmannen meiner at omsyna bak planen ikkje vert tilsidesett og at ulempene ved dispensasjon er mibndre enn føremonene. før tiltaket kan igangsetjast må det gjevast løyve etter plan- og bygningslova.

Bygget skal oppførast ved hytta som tilhøyrar bruket til Vetrhus og blir kombinert vedbu og uthus. Naboar og gjenbuarar har ikkje innvendingar. Bygget inneheld ikkje installasjonar som endrar eksisterande vatn- og avløpssituasjon. I huset skal det mellom anna lagrast ved og propan og det blir eitt aggregat der. Vetrhus meiner det er den beste løysinga å ha eit frittstående bygg nokre meter frå hytta i høve til eit tilbygg. Branntryggleik og snøtilhøve tilseier det.

Hytta er oppført som driftsbygning i landbruket i 2001. Det ligg no 10-12 hytter i området og 3-4 av dei er bygd i dei seinare åra frå 1997 til 2003. Det bygget det no blir søkt om blir liggjande lågt i landskapet og skal stå i stil

med hytta når det gjeld materialval og farge. Sidan hytta er berre 35 kvadratmeter, er det behov for lagerplass, blir det understreka i saksutgreiinga.

Av Ola Matti Mathisen